



Dumping av gruveavfall i Ranfjorden, Repparfjorden og Førdefjorden

12 organisasjonar klaga 29.03.17 Noreg til ESAⁱ for brot på Mineralavfallsdirektivet
Som ei oppfølging av klagesaka bad ESA Noreg svare på ei rekke spørsmål.
Notatet går gjennom ESAs spørsmål og Noregs svar. 03.11.2017

- **29.03.2017** klaga 12 organisasjonar til ESA med påstand om at Noreg bryt Mineralavfallsdirektivet (Directive 2006/21/EC) då det vart gjeve løyve til å dumpe gruveavfall i Ranfjorden, Repparfjorden og Førdefjorden ⁱⁱ
- **06.04.2017** skreiv ESA til Klima- og Miljødepartementet og informerte om klagen
- **25.09.2017** skreiv ESA til Klima- og Miljødepartementet og bad om svar på 5 utdju-pande spørsmål, med frist 16.10.2017
- **16.10.2017** svarte Klima- og Miljødepartementet i brev til ESA

Samandrag

1. ESA gir støtte i påstanden vår om at det skal følgje med ein avfallshandteringsplan som ein del av søknadspapira ved søknad om å opprette eit avfallsdeponi. Det er eit brot på artikkel 7 (2) i mineralavfallsdirektivet når det vart gjeve løyve til å dumpe gruveavfall i næraste fjord utan at dette var oppfylt
2. Departementet kjem med tvilsame påstandar når det gjeld mulighetene for alternativ bruk av restmassane frå gruvedrifta. Vi hevdar at det mogleg med alternativ bruk for det meste, ikkje minst om ein i tillegg tek med tilbakefylling. Departementet hevdar vidare at det ikkje er mogleg med tilbakefylling av restmasse i Nussir, noko vi hevdar at er direkte feil, ut i frå informasjon frå direktøren i Nussir.
3. Det er liten tvil om at det vil gje ein vesentleg miljømessig gevinst å gjennomføre tiltak som reduserer avfallsmengda gjennom alternativ bruk og/eller tilbakefylling i gruva av restmassane.
 - a) Det er difor eit vesentleg miljømessig avvik når norske styresmakter ikkje krev framlagt avfallshandteringsplanar med tiltak for redusert avfallsmengd som ein del av søknadspapira for å opprette deponiplassar for gruveavfall.
 - b) Det er vidare eit systematisk avvik frå gjeldande regelverk, når norske miljøstyresmakter ikkje har kravd framlagt avfallshandteringsplanar ved ein einaste av søknadane etter at mineralavfallsdirektivet vart norsk lov.
4. Departementet freistar å unnta Ranfjorden frå klagesaka, fordi det allereie var ei dumping i gang i Ranfjorden (med vesentleg mindre mengd restmassar), og med tilhøyrande avfallshandteringsplan. Vi hevdar at den avfallshandteringsplanen ikkje er aktuell for det nye løyvet, ettersom den omhandlar ei avfallsmengd som berre var halvparten så stor

ESAs brev av 25.09.2017

Slår fast at i ein søknad om løyve til å opprette eit avfallsdeponi skal det vera med ein avfallshandteringsplan som ein del av søknadspapira:

«According to Article 7 (1) of the Mining Waste Directive, no waste facility shall be allowed to operate without a permit granted by the competent authority. Applications for permits shall contain a waste management plan, as specified in Article 7 (2).»
(Vår understreking).

Kommentar

Dermed har ESA slått fast at vi har rett i klagegrunnlaget, at ein avfallshandteringsplan skal vera tilgjengeleg som ein del av søknadsdokumenta for å opprette eit deponi. Dersom ein slik plan ikkje er tilgjengeleg, så er det i strid med Artikkel 7 (2) i direktivetⁱⁱⁱ

ESAs spørsmål 1:

«Were waste management plans produced and included in the permit applications to carry out mining activities in Førdefjord, Repparfjord and Ran fjord?»

Svar frå Dep:

The first permit for deposition of mine tailings in the Ran fjord (Rana Gruber) was granted in 1975, and waste management plans in accordance with the directive on the management of waste from extractive industries were therefore not included in the original permit applications. »

ESAs spørsmål 2:

«Were waste management plans in place when the permits were granted?»

Svar frå Dep:

Rana Gruber has been in operation since 1965 and got their current permit in December 2012, later amended in June 2015. Rana Gruber finalised their waste management plan in 2013. The plan was revised in November 2016 and a revised waste management plan for Rana Gruber was approved 21 January 2017. »

Kommentarar til spørsmål 1 og 2 (Ranfjorden):

Vi klaga på at utsleppsløyvet vart auka frå 1,7 til 3 mill tonn/år. Vi klaga ikkje på det opphavlege løyvet for eit utslepp på 1,7 mill tonn/år.

Det er difor ikkje relevant når Departementet viser til at det eksisterte ein avfallshandteringsplan i 2013, det vil seia ein plan for 1,7 mill tonn restmasse pr år. Ein plan for 1,7 mill tonn restmasse pr år er noko heilt anna enn ein plan for 3 mill tonn restmasse pr år.

I tillegg vart den gamle avfallshandteringsplanen heller ikkje formelt lagt fram som ein del av søknaden for utviding av løyvet.

Vi står difor fast på vår påstand om at departementet skulle ha kravd framlagt ein ny avfallshandteringsplan for restmassar på 3 mill tonn/ år før dei behandla den utvida utsleppssøknaden. Dette er eit av vilkåra for å oppfylle krava i mineralavfallsdirektivet.

Så skriv Departementet vidare, som svar på spørsmål 2 (Nussir og Nordic Rutile):

«The permits granted to Nordic Rutile and to Nussir pursuant to the Pollution Control Act lay down conditions obligating the operators to draw up waste management plans. The waste management plans have to be in accordance with the regulation of 1 June 2004 no. 930 concerning waste section 17-7 and needs to be approved by the Environment Agency, before the operators are permitted to start depositing mineral waste. Therefore, Nordic Rutile and Nussir must have approved waste management plans in place before they can start their mining activity. »

Kommentar:

Departementet innrømmer at det ikkje var avfallshandteringsplanar på plass før det vart gjeve utsleppsløyve til Nordic Rutile og Nussir, og viser berre til at bedriftene er pålagde å etablere slike planar før gruvedrifta kan starte.

Departementet innrømmer dermed også at utsleppsløyva vart gjevne i strid med artikkel 7 (2) i mineralavfallsdirektivet, ein artikkel som krev at avfallshandteringsplanen skal følgje med som ein del av søknadsdokumenta for å opprette eit avfallsdeponi.

ESAs spørsmål 3:

“If so, please explain what consideration was given to the prevention or reduction of waste production in each plan (Article 5 (2) of the Mining Waste Directive)”

ESA spør med andre ord om tiltak for reduksjon av avfallsmengda.

Svar frå Dep:

Rana Gruber

«The company has put much effort into identifying alternative use of tailings, e.g. land reclamation.»

«Other alternative environmental friendly and economic viable uses will be explored. Such use has however proved to be limited.»

Nussir

“Backfilling is not considered a viable option, with the exception of minor amounts of waste rock, due to safety reasons and because of the limited space for backfilling in the mine”

“Nussir has identified several options for alternative use of tailings, e.g. fillings, concrete and bricks. However, in tonnage it will be of minor importance.”

Nordic Mining

“stipulate that the operator is obliged to backfill tailings and waste rock to the extent possible”

“the operator is obliged to backfill tailings and waste rock to the extent possible, and continuously strive for a reduction of tailings and waste rock for deposition through identifying alternative uses.”

“Nordic Rutile describe their tailings as products that do not have an established market. Such a market must be created through testing of the tailings for different applications, e.g. capping material, soil improvement, dyke reinforcement and additive in concrete.”

Våre kommentarar:

1. Departementet seier ikkje eit ord om kvifor dei, trass i avfallsreducerande tiltak, gjev løyve til å sleppe ut absolutt alt avfallet frå alle tre gruvene. Dette kan ikkje bli tolka på anna vis enn at Departementet ikkje legg vekt på, eller ikkje har tru på, tiltak for redusert avfallsmengd.
2. Departementet hevdar at det ikkje er mogleg med tilbakefylling i Nussir. Dette er ein påstand som blir lagt fram utan å vise nokon form for referanse. Kvar har departementet henta denne påstanden?

Det er sjølvsagt mogleg med tilbakefylling, ikkje minst i underjordsdrift. Det er generelt sett mogleg med tilbakefylling av minst 50% av det som blir henta ut av gruva, noko som vil redusere avfallsmengda vesentleg. Tilbakefyllingsbryting eller «cut and fill» er teknologien som er aktuell.

I munnleg kommunikasjon har direktøren i Nussir, Øystein Rushfeldt, sagt at det er teknisk mogleg, men økonomisk ulønsamt med tilbakefylling.

3. Departementet hevdar vidare at «*in tonnage it will be of minor importance*» når det gjeld alternativ bruk av restmassane i Nussir. Kvar har departementet henta denne påstanden som blir lagt fram utan referanse? I tillegg til utgreiingane som Nussir AS har lagt fram om alternativ bruk, er det ei rekke andre alternativ som har vore diskuterte, og som vil leggja beslag på vesentlege delar av restmassane.

I munnleg kommunikasjon med Svein Lund, forfatteren til bokserien Gull, gråstein og Grums^{iv}, fortalde direktøren i Nussir, Øystein Rushfeldt, at han var i kontakt med eit firma som vurderte å setja opp ein betongvarefabrikk med grunnlag i restmasse frå gruva. Det har i tillegg vore diskutert å bruke store delar av restmassen til utbygging av ny flyplass mellom Kvalsund og Hammerfest. Også kaiutfylling mellom Repparfjord og Kvalsund har vore diskutert. Alt i alt viser dette at det er fullt mulig å bruke vesentlege delar av restmassen til alternative formål og/ eller i tilbakefylling. I kor stor grad dette vil skje, er spørsmål om kva Klima- og Miljødepartementene er villig til å setja som rammer for gruverdrifta, det er uansett feil å hevde at det er forsvinnande liten sjansje til vesentleg reduksjon av restmassen for Nussir.

4. Ein kan gå gjennom tilsvarende diskusjon for Nordic Mining og Rana Gruber. Det er for eksempel intet i vegen for å drive ei gruve på Engebø (Nordic Mining) som underjordsdrift i heile gruvens levetid, med innslag på havnivå og drift oppover mot toppen og nedover under havnivå. Dette vil gjera det mogleg med vesentleg større tilbakefylling, opp mot 50%. Det er i tillegg lagt fram vesentlege alternative bruksområde for restmassane i utgreiingane som er ein del av konsekvensutgreiingane. Det er ikkje tilstrekkeleg, når Departementet gir Nordic Mining luftige rammer av denne typen;

“the operator is obliged to backfill tailings and waste rock to the extent possible, and continuously strive for a reduction of tailings and waste rock for deposition through identifying alternative uses.”

Departementet må stille faktiske og ufravikelege krav, både om driftsform som gjer det mogleg med tilbakefylling, og stille krav om faktisk å setja i gang alternativ bruk som ein del av løyvet. Slik dei har stilt “krava”, er det heilt opp til Nordic Mining kva

dei ønskjer å gjera.

Kva ligg for eksempel i utsegnet "to the extent possible"? Kven skal definere dette?

ESA spørsmål 4:

If such plans are in place, please explain how the obligation to review the plans every 5 years, as foreseen by Article 5(4) of the Mining Waste Directive, is to be met.

Svar frå departementet

«The waste management plan for Rana Gruber was updated in 2016, and will be revised before 2022. When approving waste management plans for Nordic Rutile and Nussir, the Environment Agency will ensure that the plans will be reviewed every five years. »

Våre kommentar:

Her forsøker departementet å vri seg unna at revisjon av avfallshandteringsplanane må ta utgangspunkt i dato for søknad om å opprette deponi.

ESA spørsmål 5:

In addition, the Norwegian Government is invited to provide information explaining how Article 5 of the Mining Waste Directive has been implemented in Norway and how this legislation interacts with other environmental legislation (e.g. Directive 2000/60 establishing a framework for Community action in the field of water policy).

Svar frå Dep:

«The Directive on the management of waste from extractive industries is implemented in the Norwegian regulation of 1 June 2004 no. 930 concerning waste (waste regulation), chapter 17. Article 5 is reflected in particular in Section 17-7, which stipulates that the operator shall draw up a waste management plan for the minimisation, treatment, recovery and disposal of extractive waste, taking into account the principle of sustainable development. Further, the regulation stipulates that the waste management plan shall provide sufficient information to enable the competent authority to evaluate the operator's ability to meet the objectives of the waste management plan and lists elements that the applicant needs to supply in the waste management plan.

The relevant sections of the waste regulation, as well as the regulation of 15 December 2006 no. 1446 on a framework for water management and other relevant environmental legislation, are considered in the process of handling an application for a permit under the Pollution Control Act. All permits granted pursuant to the Pollution Control Act have to be in line with other environmental legislation. »

Kommentar:

Det er interessant at ESA trekker inn EUs generelle avfallshandteringspolitikk, som er fokusert på tiltak for avfallsreduksjon og gjenbruk.

Ved å gje løyve til utslepp/ deponi av absolutt all restmasse frå Rana Gruber, Nordic Mining og Nussir, så viser Departementet kor hult det er når dei avgensar seg til å krevja at selskapa skal leggja fram "ein avfallshandteringsplan for å minimere, behandle, gjenvinne og deponere gruveavfall".

I praksis ser det ut til at det utelukkande er "deponere" som i realiteten blir sett ut i livet.

ⁱ ESA = EFTA Surveillance Agency, EØS-avtalens vaktbikkje, som avgjer om Noreg og dei andre EØS-landa følgjer EUs direktiv og andre vilkår.

ⁱⁱ Klage over brot på mineralavfallsdirektivet frå Naturvernforbundet, Natur og Ungdom, Vevring og Førdefjorden miljøgruppe, Friends of the Earth Europe, Norske Lakseelver, Greenpeace Norge, Norges Jeger og Fiskerforbund, SABIMA, Framtiden i våre hender, Den norske Turistforening og Norges Kystfiskarlag. Norske Samers Riksforbund har slutta seg til klagen.

http://www.laukeland.no/index.php?option=com_content&view=article&id=142:2017-04-03-03-10-13&catid=55:gruvedrift&Itemid=34

ⁱⁱⁱ (Directive 2006/21/EC on the management of waste from extractive industries.)

^{iv} <http://gruve.info/a.htm>